


RETTLEIING FOR GRAVEARBEID I KOMMUNALE VEGAR

Vedteken i K-sak 215/12 den 13.12.2012

Gjeldande frå 01/01-2012

HERØY KOMMUNE



INNLEIING

Rettleiinga gjeld graving i kommunale veg-/trafikkareal med tilhøyrande side- og grøntareal.

Rettleiinga skal gi opplysningar om dei krav som kommunen set til entreprenørar og andre som skal gjennomføre eit gravearbeid og ha ansvar for at dette blir utført på ein tilfredsstillande måte.

Formålet med rettleiinga er å sikre at kommunale vegar ikkje blir påført skadar eller andre kvalitetsmessige forverringar. Gravinga skal ikkje påføre veghaldar ekstra vedlikehaldskostnadar. Det er også lagt vekt på at eit gravearbeid ikkje skal medføre fare eller unødige ulemper for trafikkantar som oppheld seg på eller ved vegane, jamfør forskrifter om varsling av arbeid på offentleg veg (Handbok 051). Rettleiinga er utarbeida av kommunen, som eiger av alle kommunale veganlegg og andre areal som er omfatta av rettleiinga.

Herøy kommune vert i rettleiinga kalla for veghaldar.

Graving i kommunale vegar må ikkje settast i gang før det er gitt graveløyve!

INNHALD

INNLEIING	2
1 GENERELLE REGLAR.....	5
1.1 Verkeområde	5
1.2 Vegar tilhøyrande Statens Vegvesen	5
1.3 Andre partar	5
1.4 Forholdet til Plan- og bygningslova	5
1.5 Samordning.....	5
1.6 Kvalifikasjonar	6
1.7 Ansvar/skadar under arbeidet	6
1.8 Søknad	7
1.9 Alternativ til graving	7
1.10 Skilt med namn	7
1.11 Køyreplate/ midlertidig gangbru	7
1.12 Restriksjonar mot graving i nyasfaltveg	7
1.13 Bankgaranti	7
2 Planlegging av gravearbeid	7
2.1 Framdrift	7
2.2 Dokumentasjon	7
2.3 Omsyn til omgjevnadane	8
2.4 Varslingsplan	8
2.5 Tidspunkt for oppstart og avslutning	8
2.6 Kontroll av graveløyve	8
2.7 Trafikkavvikling	8
2.8 Kablar, leidningar og andre innrettingar.....	8
2.9 Vass- og avlaupsleidningar.....	9
2.10 Graving utført av kabeleigar	9
2.11 Graving på grunn av lekkasje eller kabelfeil	9
2.12 Grøntareal	9
2.13 Flytting av kablar	9
3 Utføring av gravearbeida.....	9
3.1 Vegprofil.....	9
3.2 Ivaretaking av omkringliggende asfalt	9
3.3 Sikring mot ras.....	10
3.4 Lagring/deponering av utgravne massar.....	10
3.5 Stempling/spunt	10
3.6 Køyreplater	10
3.7 Fjerning av snø og is.....	10
3.8 Grøntanlegg	10
4 Gjenfylling/reparasjon.....	11
4.1 Generelle reglar	11
4.1.1 Varsling	11
4.1.2 Gjenfylling rundt leidningar og kablar.....	11
4.1.3 Bruk av oppgravne massar	11
4.1.4 Utbetring av undergraving	11
4.1.5 Skjering og fresing av asfalt.....	11
4.1.6 Minste bredde på attståande asfalt	11
4.1.7 Skøyt i hjulspora skal unngåast.....	11
4.1.8 Lagvis komprimering	11

Rettleiing for gravearbeid i Kommunale vegar

4.1.9	Stempling/spunt.....	12
4.1.10	Midlertidig istandsetting	12
4.1.11	Istandsetting av trafikktekniske innretningar	12
4.1.12	Istandsetting av grøntareal	12
4.1.13	Anna sideareal	12
4.2	Komprimeringsreglar.....	12
4.3	Reglar for oppbygging av bærelag og vegdekke (slitelag/bindelag).....	13
4.3.1	Vegoverbygging etter graving.....	13
4.4	Reglar for oppbygging av areal med heller/brustein	13
4.5	Reglar for legging av fortausrenner i betong	13
4.6	Reglar for setting av kantstein	13
4.7	Reglar for reetablering av fartsdemparar	13
5	Varsling/kontroll/synfaring	14
5.1	Varsling	14
5.1.1	Ved forseinking	14
5.1.2	Før gjenfylling	14
5.1.3	Før asfaltering	14
5.1.4	Varsling av andre etatar.....	14
5.1.5	Forsøming av vaslingsplikt	14
5.2	Pålagte tiltak	14
5.2.1	Strakstiltak.....	14
5.2.2	Andre tiltak.....	14
6	Garanti/erstatning	14
6.1	Skadar under gjennomføring av arbeid	14
6.2	Seinskadar.....	15
6.3	Kvalitet/toleransekrav.....	15
7	Kontroll av utført arbeid.....	15

1 GENERELLE REGLAR

Det skal alltid sendast søknad til veghaldar om graveløyve når det skal gravast i eller i tilknytning til veg.

1.1 Verkeområde

Rettleiinga gjeld for:

- All graving i kommunal veggrunn
- Graving nær eller inntil kommunal veg
- Anna arbeid som medfører bruk av utstyr og innretningar på veggrunn
- Grøntareal i og langs kommunale vegar (vegparkar)

Kommunal veggrunn er all veggrunn i høve til Veglova §1, som er open for alminneleg ferdsel og skal vedlikehaldast av Herøy Kommune. Kommunal veggrunn er i denne samanheng også inkludert privat grunn som vert disponert av kommunen til veg- og trafikkformål. Som veg vert også rekna fortau, snuplass, opplagsplassar, haldeplassar, bruer, grøntanlegg og anna som står i samband med veg.

1.2 Vegar tilhøyrande Statens Vegvesen

For graving på riks- og fylkesveg med evt. tilhøyrande gangveg må det innhentast løyve frå Statens Vegvesen, Region Midt.

1.3 Andre partar

Det er ei rekke instansar som har eigne anlegg/installasjonar m.m. i og ved kommunal veg. Dette kan til dømes vere eigarar av:

- Fjernvarmeanlegg
- Energi/straum
- Kommunale og private tele-/fiberanlegg
- TV- kabelanlegg
- Kommunale og private VA- leidningar
- Polygonpunkt og grensemerke (ved evt. fjerning skal desse reetablerast)
- Overvassleidningar, sluk, stikkrenner og veglys

Graveløyve vert alltid gitt med atterhald om at naudsynte undersøkingar vedkomande andre partars installasjonar i/ved veg blir undersøkt og tekne omsyn til. Den som skal grave i veg er ansvarleg for å ha tilstrekkeleg grunnlag for ei sikker gjennomføring av gravearbeidet.

Rettleiingar som vert gitt av eigar av installasjonar må følgjast. Alle interessekonfliktar må avklarast med dei respektive partar før gravearbeidet startar.

1.4 Forholdet til Plan- og bygningslova

For tiltak som fell inn under reglane i Plan- og bygningslova må løyve innhentast frå bygningsmyndigheitene i tillegg til at det vert søkt om graveløyve.

1.5 Samordning

Alle anlegg over **40 m** skal være søkt samordna med andre anleggseigarar. I tettbygde område gjeld dette også for mindre anlegg. Dokumentasjon på andre

partar har fått tilbod om samordning skal leggst ved søknaden. Leidningseigar skal informere veghaldar og andre interessentar om planer og mulige trasear for graving i veg på eit så tidleg tidspunkt som mulig. Dette for at eventuell samordning av graving i veg kan skje og eventuelle samanfallande interesser/behov kan avdekkast på eit tidlig tidspunkt.

Kabeleigarar som energiselskap, teleselskap og andre kabelselskap skal samordne sine anlegg, og nytte same kabeltrase så langt det let seg gjere. Dette gjeld også for vatn og avlaupsanlegg. Alle leidningseigarar skal ved planlegging ta omsyn til at andre kan kunne føre frem sine anlegg i veggrunnen. Det skal også takast omsyn til at framtidig vedlikehald kan gjerast utan unødig omlegging av leidningar/rør. Ekstra trekkerøyr eller kabelkanalar skal alltid leggst ned ved kryssing av hovudvegar.

1.6 Kvalifikasjonar

Den som ønskjer å utføre gravearbeid i kommunale veg-/trafikkområde, må tilfredsstillende gjeldande krav til godkjenning av føretak med heimel i Plan- og bygningslova §22-1 og Byggesaksforskrifta (SAK10) tredje del.

Plan- og bygningslova sine føresegn om søknadspliktige tiltak og ansvarsrett, gjeld uavhengig av denne rettleiinga. Dette betyr at den som grev sjølv er ansvarleg for å undersøke om eit tiltak er melde- eller søknadspliktig etter Plan- og bygningslova eller andre lovar som måtte kome i bruk.

Den som får løyve til graving/arbeid i kommunal veg, må sjølv ha eller kunne disponere det maskinelle utstyr som er naudsynt for rask og rett gjennomføring av eit gravearbeid etter desse reglar og føresegner.

Forskrifter om varsling av arbeid på offentleg veg skal følgjast. Det skal vere ein ansvarleg person/ansvarshavande for skilting og sperring på arbeidsstaden. Vedkomande skal ha gjennomgått naudsynt opplæring og ha godkjent arbeidsvarslingskurs i høve reglane i Statens Vegvesens handbok 051 Arbeidsvarsling. Dette kravet gjeld også for kommunale etatar/verksemdar som skal gjennomføre oppgåver i høve til denne rettleiinga. Underentreprenørar må ha same kvalifikasjonar som entreprenøren som søker om graveløyve.

1.7 Ansvar/skadar under arbeidet

Den som vert gitt graveløyve er ansvarleg for heile arbeidet og for at reglane i denne rettleiing vert følgde. Det same gjeld underentreprenørane som er engasjert for å utføre istandsetting eller anna delarbeid (til dømes asfalt, kantstein og liknande). Den som vert gitt løyve har ansvar for grøfta/gravinga inntil fullstendig istandsetting er utført.

Den som vert gitt løyve har ansvar for tiltaket frå arbeidet tek til reparasjonsarbeidet er ferdig utført. Den som grev er ansvarleg for all skade som trafikantar eller andre måtte bli påført på gravestaden som følgje av m.a. mangelfull skilting, avsperring eller gjenfylling. Har gravinga skjedd forsettleg eller aktlaust kan politiet, etter påtale, ilegge bøter jf. Veglova § 61.

1.8 Søknad

Den som skal grave må innhente graveløyve frå veghaldar før graving tek til. Rutinar for dette er skildra nærare i kap. 2.

1.9 Alternativ til graving

På vegar med stor trafikk, nylagt asfalt og der det kan bli vanskeleg med trafikkregulering, kan veghaldar krevje at det fortrinnsvis skal borast/ pressast under vegen i staden for graving. Dette gjeld når det er praktisk mulig.

1.10 Skilt med namn

Namn på utførande etat/ entreprenør skal være tydeleg angitt på gravestaden, til dømes på sperremateriell.

1.11 Køyreplate/ midlertidig gangbru

Køyreplater kan nyttast etter avtale med veghaldar om det er naudsynt grunna framdrift og trafikktryggleik. Sjå kap.3.5.

1.12 Restriksjonar mot graving i nyasfaltert veg

Det vil normalt ikkje verte gitt graveløyve i gater/vegar som er ny- eller reasfaltert i løpet av dei tre siste åra. (Om det i særskilde høve vert gitt dispensasjon, skal dette være etter særskilde føresetnader gitt frå veghaldar).

1.13 Bankgaranti

Veghaldar kan i særskilde høve krevje bankgaranti som tryggleik for at veghaldar ikkje får ekstraordinære utgifter som følgje av gravearbeidet.

2 Planlegging av gravearbeid

Søknad om gravearbeid skal vere skriftleg på skjema for graveløyve for Herøy Kommune. Skjemaet kan lastast ned frå kommunen si heimeside på www.heroy.kommune.no, eller hentast på Servicetorget på Rådhuset.

Behandlingstida for søknaden er **maks 3 arbeidsdagar** frå den er innregistrert hos kommunen.

2.1 Framdrift

Alle gravearbeid skal planleggast på ein slik måte at tida som medfører ulemper for trafikantane blir kortast mogleg. Dersom arbeida ikkje er ferdig etter fastsett sluttdato, kan veghaldar forlange oppgravne grøfter gjenfylt. Dersom gravinga består av lange strekk eller mange enkeltgravingar, vil istandsettingsarbeida kunne krevjast utført fortløpande uavhengig av om heile arbeidet er avslutta eller ikkje.

2.2 Dokumentasjon

Samtidig med søknaden om graveløyve, skal søkjar legge fram plan for trafikkavvikling og sperring ved arbeidsstaden (varslingsplan). Saman med søknaden skal det være et situasjonskart (skala 1:1000) som viser kvar gravinga skal gå føre seg, og ei skildring av arbeidsomfang. Det skal også leggast ved dokumentasjon frå evt. andre etatar som kan ha anlegg i grunnen der det skal gravast.

2.3 Omsyn til omgjevnadane

Om naudsynt kan veghaldar krevje mellombels utviding eller omlegging av vegen, eller det kan krevjast eigen sikra fotgjengarpassasje forbi arbeidsstaden eller tilkomst til eigedomar langs vegen.

Veghaldar kan fastsette kva tid av døgnet det kan tillatast å arbeide på staden. Når det er naudsynt med omsyn til ferdsel og trafikkavvikling kan veghaldar krevje gravearbeid utført utanom normal arbeidstid.

Den som grev må planlegge arbeidet slik at krava i støyforskrifta vert overhaldne. Det kan stillast spesielle krav til støysvakt utstyr og reiskap.

Den som grev må sjølv sørge for eventuell dispensasjon frå støyforskrifta og ved nattarbeid.

2.4 Varslingsplan

Den som grev skal varsle naudetatane(politi, brannvern, ambulanse), buss- og renovasjonsselskap om gravearbeid som fører til vegstenging el. nedsett passeringsmoglegheit. Brøyteentreprenørar skal varslast vinterstid. Politi/veghaldar vil godkjenne varslingsplan med evt. justeringar.

2.5 Tidspunkt for oppstart og avslutning

Veghaldar godkjenner når gravearbeidet kan starte, og når arbeidet skal være avslutta. Veghaldar kan gi pålegg om at arbeidet vert utført samstundes eller koordinerast med anna arbeid på vegstrekninga. Se punkt 2.10 og 5.1.

2.6 Kontroll av graveløyve

Graveløyve og godkjent varslingsplan/skiltplan kan krevjast framvist og må oppbevarast på gravestaden.

2.7 Trafikkavvikling

Om veghaldars normale rutinar for drift og vedlikehald av køyrebane og fortau ikkje kan gjennomførast pga. gravearbeida, må den som grev syte for dette.

Den som grev skal setje i verk varslingsplanen, og har ansvar for skilt og sperringar så lenge arbeidet føregår.

Forsøpling/tilgrising som skuldast gravearbeida er utan unntak den som grev sitt ansvar. Dersom det ikkje er tilfredsstillande reinhald og den som grev ikkje rettar seg etter pålegg frå veghaldar, kan veghaldar utføre reinhaldet for den som grev si rekning.

Køyreplater kan nyttast i høve til kap. 3.5.

2.8 Kablar, leidningar og andre innrettingar

Kabel- og leidningseigarane sine krav til påvising skal følgjast.

Den som er ansvarleg for gravinga plikter å skaffe seg naudsynte opplysningar om kablar, fjernvarme, vass- og avlaupsleidningar eller anna innretningar (varmekablar, signalkablar, TV- kablar, polygonpunkt, skilt og liknande). Rettleiingar som vert gitt for å unngå skade på slike installasjonar må følgjast.

Oppmålingsavdelinga skal ha beskjed dersom polygonpunkt blir skada eller fjerna.

2.9 Vass- og avlaupsleidningar

Dersom gravearbeida medfører endring eller tilkopling m.m. til kommunale avlaupsleidningar skal dette gå fram av eigen plan som vert godkjent av kommunen v/Anleggs- og driftsavdelinga.

Det same gjeld for leidningar til vasslaget i det aktuelle forsyningsområdet.

2.10 Graving utført av kabeleigar

Kabeleigar som tilhøyrar energiselskap, teleselskap og anna kabelselskap **skal** samordne sine anlegg og nytte same kabeltrase. Ved kryssing av hovudvegar skal det alltid leggjast **minst fire trekkerøyr eller kabelkanalar ekstra**.

2.11 Graving på grunn av lekkasje eller kabelfeil

Det skal straks meldast til veghaldar dersom graving på grunn av lekkasje, kabelfeil eller leidningsbrot må gjerast omgåande. Skriftleg søknad om graveløyve skal i slike høve leverast til veghaldar snarast råd.

2.12 Grøntareal

Ved graving i kommunale grønntareal skal byggherre/entreprenør legge fram planane for Anleggs- og driftsavdelinga for godkjenning.

2.13 Flytting av kablar

Der det er naudsynt å flytte kablar på grunn av vedlikehald eller reoperasjon av kommunal veg eller avlaupsleidningar, kostar kabeleigar flyttinga.

3 Utføring av gravearbeida

3.1 Vegprofil

Lengde- og tverrprofil skal ikkje endrast i samband med gravearbeida utan at det er særskilt avtalt med veghaldar.

3.2 Ivaretaking av omkringliggende asfalt

Før graving tek til skal asfalten skjærast minimum 30 cm utanfor føresettt topp grøfttekant og parallelt med denne. Dette for å sikre at asfaltdekke utanfor gravestaden ikkje vert skada.

Utstyr eller reiskap som kan skade asfalten må ikkje kome i direkte kontakt med asfaltdekke utanfor gravestaden. Dette gjeld til dømes beltegåande maskinar og maskinar med støttelabbar. Om slikt utstyr blir nytta må spesielle tiltak settast i verk, til dømes lemmar eller gummilabbar, for å unngå skade.

Om asfalten utanfor gravinga er påført skade, vil arealet bli målt inn og det vil bli kravd fullverdig reperasjon etter spesifikasjonar frå veghaldar.

3.3 Sikring mot ras

Entreprenøren har ansvar for at grøftprofilen vert utforma slik at ein unngår ras og at omsynet til arbeidssikring vert ivareteke i høve gjeldande føresegn. Dette gjeld også tryggleiken for all trafikk ved gravestaden.

3.4 Lagring/deponering av utgravne massar

Utgravne massar skal ikkje lagrast i vegbana eller være til hinder for andre trafikantar eller gåande. Materialar til bruk ved gravearbeida skal leggst i depot utanfor vegbana. Massar som ikkje skal gjenbrukast skal transporterast til godkjent depot.

Asfaltflak og freste asfaltmassar skal sorterast for seg, og transporterast til godkjent lagerplass for slike materialar.

3.5 Stempling/spunt

Stempling/spunt skal utførast slik at det ikkje oppstår setningar mellom stempeling/spunt og vegkroppen elles. All stempeling/spunting må tilbakefyllast med grus/sand eller anna komprimerbare massar og komprimerast.

3.6 Køyreplater

Ved graving av tversgåande grøfter og område i eller inntil kollektivområde og hovudvegar med stor trafikk, skal entreprenøren ha køyreplater lett tilgjengeleg. Platene skal være ferdig utlagt innan ein time etter at dette blir kravd av veghaldar eller politi.

Når det vert brukt køyreplater skal følgjande vilkår være oppfylt:

1. Køyreplater skal være dimensjonert for BK10.
2. Køyreplatene skal ha friksjonsbelegg, tilsvarande vegdekket på vegstrekninga.
3. Køyreplater skal alltid fresast ned i eksisterande dekke. Anleggsflata på kvar side skal være minimum 0,5 m. Topp køyreplate skal ha same høgde som vegdekket.
4. Om det vert nytta køyreplater på gangareal, skal det være solid rekkverk mot trafikk og gravegrop. I nokre tilfelle kan det krevjast tungt sperremateriell mot trafikkert område (sjå Handbok 051).
5. Veghaldar kan med omgåande verknad stoppe arbeida dersom punkta 1-4 ikkje blir følgt.

3.7 Fjerning av snø og is

Ved graving om vinteren skal snø og is fjernast frå grøftetraseen og det skal passast på at snø og is ikkje kjem ned i grøfta ved gjenfylling.

3.8 Grøntanlegg

Det skal takst særlege omsyn slik at grøntanlegg i eller langs vegen ikkje vert skada eller øydelagt.

4 Gjenfylling/reparasjon

4.1 Generelle reglar

4.1.1 Varsling

Gjenfylling av grøft skal utførast i samsvar med Vegnormalane. Om det oppstår vanskar ved gjenfylling skal veghaldar varslast.

4.1.2 Gjenfylling rundt leidningar og kablar

Leidnings- og kabeletatane kan ha særreglar for gjenfylling rundt leidningar og røyr opp til eit visst nivå. Opp til dette nivået skal etatane/selskapa sine reglar for gjenfylling følgjast. Opplysningane i denne rettleiinga gjeld for gjenfylling over det nivå som vert omfatta av særreglane til dei ulike leidnings- og kabeletatane.

4.1.3 Bruk av oppgravne massar

Ved gjenfylling av grøfta kan dei oppgravne massane brukast dersom dei er eigna. Massane skal komprimerast i høve til reglane i Vegnormalane. Dersom dei oppgravne massane ikkje er brukbare skal det avtalast med veghaldar kva massar som kan nyttast.

4.1.4 Utbetring av undergraving

Om vegdekket, kantstein m.m. vert undergrave, skal overliggende massar skjærast ut og fjernast, slik at heile grøftetverrsnittet blir gjenfylt og komprimert i samsvar med Vegnormalane.

4.1.5 Skjering og fresing av asfalt

Ved graving i asfaltert veg skal asfalten skjerast rett og jamt 30 cm utanfor topp grøft. Veghaldar kan krevje fresing ved store asfalttjuckleikar.

4.1.6 Minste breidde på attståande asfalt

Om avstanden frå reinskoren asfaltkant til vertikalt hinder (husvegg, kantstein og liknande) blir mindre enn 1,0 m skal gamalt dekke fjernast og nytt dekke leggjast på heile arealet.

Om det er grave meir enn 1/3 av vegbreidda skal heile vegbreidda asfalterast.

Ved graving i fortau, gang- og sykkelveg skal heile breidda asfalterast.

4.1.7 Skøyt i hjulspora skal unngåast

Ved reparasjon av langsgåande grøft i køyrebanda skal skøyt mellom gamal og ny asfalt leggjast utanfor hjulspora.

4.1.8 Lagvis komprimering

Gjenfylling skal utførast og komprimerast lagvis i horisontale sjikt. Lagtjuckleik skal tilpassast etter komprimeringsmetode, sjå tabell kap. 4.2.

4.1.9 Stempling/spunt

Spunt og stemplingar må fjernast forsiktig slik at tilstøytande grunn ikkje set seg eller rasar ut. Ved særleg dårleg grunn, ved setningsfare for bygg eller leidningar langs grøfta, eller om det er andre tungtvegande årsaker, kan det gjevast løyve til at spunten blir ståande igjen i bakken. Det skal ved fjerning av spunt fyllast på med massar etter kvart som dei vert dregne opp. Stempling og spunt skal i alle tilfelle fjernast til minimum 1,0 m under ferdig veg. Om spunt eller stempling blir attståande, skal dette opplysast til veghaldar.

4.1.10 Midlertidig istandsetting

Dersom permanent istandsetting etter graving ikkje kan utførast rett etter gjenfylling, kan veghaldar krevje et det vert lagt eit midlertidig asfaltdekke med minimum tjukkeleik = 4 cm.

Ved midlertidige istandsetting kan det krevjast at asfalten vert fresa ned til minimum 4 cm tjukkeleik på gravestaden eller skada del av asfaltdekke og minimum 30 cm "fortanning" utanom skada område.

Kaldasfalt kan nyttast som eit midlertidig dekke dersom varmasfalt ikkje er tilgjengeleg, til dømes om vinteren.

4.1.11 Istandsetting av trafikktekniske innretningar

Øydelagt/fjerna vegmerking (gangfelt, fartsdemparar, stopplinje, køyrefeltslinje m.m.) og trafikktekniske innretningar elles skal erstattast med opphavleg type eller betre.

4.1.12 Istandsetting av grøntareal

Grøntareal som er omfatta av gravearbeida skal setjast i same stand som før gravearbeida tok til. Plenar og grasareal skal såast og gjødslast slik at heile området framstår som einsarta og pent.

4.1.13 Anna sideareal

Anna sideareal som bankettar, grøfter og liknande skal reetablerast som før graving.

4.2 Komprimeringsreglar

Gjenfylling skal utførast lagvis i horisontale sjikt. Kvart lag skal komprimerast med eigna komprimeringsutstyr.

Tabellen visar egna komprimeringsutstyr med tilhøyrande lagtjukkeleik og respektivt tal på overfartar. Om det er ynskjeleg å nytte anna utstyr skal entreprenøren gjere greie for dette og utstyret skal godkjennast av veghaldar.

Komprimeringsutstyr	Lagtykkelse		
	Maskinkult	Sand/grus Grov pukkk/sams pukkk	Antall overfartar
Vibrasjonsplate			
50-100 kg		15 cm	
100-200 kg		20 cm	
400-500 kg	30 cm	35 cm	
600-800 kg	40 cm	50 cm	
Vibrasjonsstamper ("Hoppetusse") 75 kg		35 cm	

Håndholdt vibrasjonsvals 600-800 kg	40 cm	20 cm	(min) 4-6
Tandem vibrasjonsvals 2000-3000 kg	30 cm	30 cm	(min) 8-10

2-3 tonns vibrasjonsvals kan stort sett nyttast utan restriksjonar i bygater.

Entreprenøren er ansvarleg for at det vert valt komprimeringsutstyr som ikkje medfører skadar på bygningar etc.

4.3 Reglar for oppbygging av bærelag og vegdekke (slitelag/bindelag)

Entreprenør som skal utføre asfaltarbeid skal være godkjent som ansvarleg utførande for arbeid med bustadgater/gang- og sykkelvegar og kommunale hovudvegar.

4.3.1 Vegoverbygging etter graving

Kommunale hovudvegar: Asfaltarbeid etter graving skal utførast i høve til dimensjoneringstabell for vegoverbygging for hovudvegar med ÅDT større enn 3000 etter Statens Vegvesens Handbok 018.

Tilkomstvegar/bustadvegar: Asfaltarbeid etter graving skal utførast i høve til dimensjoneringstabell for vegoverbygging for samlevegar med ÅDT større enn 1500, etter Statens Vegvesens handbok 018. Slitelaget av asfalt skal aldri leggest tynnare enn 4,0 cm.

Gang- og sykkelvegar: Asfaltarbeid etter graving skal utførast i høve til dimensjoneringstabell for vegoverbygging for åtkomstvegar med ÅDT større enn 150, etter Statens Vegvesens handbok 018. Slitelaget av asfalt skal aldri leggest tynnare enn 4,0 cm.

Asfaltering skal utførast umiddelbart etter at gravearbeid er utført.

Asfaltarbeid skal utførast i høve til rettleiinga for vegbygging frå Statens Vegvesen, handbok 018.

4.4 Reglar for oppbygging av areal med heller/brustein

Entreprenør som skal utføre oppbygging av areal med heller/brustein skal være godkjent for utføring av slike arbeid. Arbeida skal utførast umiddelbart etter at gravearbeida er utført.

4.5 Reglar for legging av fortausrenner i betong

Entreprenør skal ha same godkjenning som 4.4.

4.6 Reglar for setting av kantstein

Entreprenør skal ha same godkjenning som 4.4.

4.7 Reglar for reetablering av fartsdemparar

Entreprenør skal ha same godkjenning som 4.3. Fartsdemparar som vert fjerna ved graving skal reetablerast rett etter at reasfaltering.

5 Varsling/kontroll/synfaring

5.1 Varsling

5.1.1 Ved forseinking

Veghaldar skal varslast dersom arbeida ikkje kjem i gang til fastsett tid. Angitt sluttdato på graveløyve inneber at alle arbeida skal være avslutta på gravestaden. Det skal søkjast forlenging av graveløyve dersom arbeida ikkje kan avsluttast innan angitt sluttdato.

5.1.2 Før gjentfylling

Dersom det oppstår uføresette problem på gravestaden som hindrar gjentfylling må veghaldar varslast for å drøfte alternative løysningar. Slikt varsel fråtek ikkje entreprenøren for ansvaret på gravestaden.

5.1.3 Før asfaltering

Veghaldar kan varslast før reasfaltering dersom entreprenøren treng faglig bistand for å få utført asfaltarbeida.

5.1.4 Varsling av andre etatar

Om eit gravearbeid fører til endring av andre etatars anlegg/installasjonar (elkablur, telekablur, polygonpunkt, trær og liknande), skal dei respektive etatar sjølv kontrollere sine anlegg/installasjonar. Ansvarleg entreprenør er ansvarleg for varsling.

5.1.5 Forsøming av vaslingsplikt

Dersom entreprenøren forsømer varslingsplikta si, kan han bli nekta å utføre graving i kommunens veg- og gatenett.

5.2 Pålagte tiltak

5.2.1 Strakstiltak

Tiltak som veghaldars kontrollør eller politiet pålegg den som grev og som gjeld trafikkavvikling og/eller trafikktryggleik eller andre tiltak som vert pålagt for at farlege forhold ikkje skal oppstå, skal utførast omgåande.

5.2.2 Andre tiltak

Tiltak som påleggast og ikkje kjem inn under punkt 5.2.1, skal utførast snarast, og seinast innan 2 veker. Dersom tiltaka ikkje er utført innan overnemnde fristar, kan veghaldar utan nærare varsel bestille arbeida utført av andre for entreprenøren si rekning.

6 Garanti/erstatning

6.1 Skadar under gjennomføring av arbeid

Frå arbeidet tek til på gravestaden og til dei er slutført og godkjent, har entreprenøren ansvar for tiltaket. Skadar som trafikkantar eller andre måtte bli påført

på gravestaden pga. mangelfull skilting, avsperring eller anna er entreprenøren sitt ansvar.

6.2 Seinskadar

Dersom det oppstår skadar i løpet av dei to første åra etter avslutning av gravearbeida (til dømes setningar eller andre skadar som kan førast tilbake til mangelfullt arbeid frå entreprenøren si side) vil veghaldar krevje at skadane blir utbetra innan ein nærare fastsett frist. Dersom skaden ikkje blir utbetra innan fristen, vil veghaldar sørgje for utbetring på entreprenør si rekning.

6.3 Kvalitet/toleransekrav

Ved nyasfaltering skal dekket ha ein kvalitet/utføring som er i samsvar med Vegnormalane. Det vil sei at målt med 3 m lang rettholt i vegens lengderetning skal maks høgdeskilnad være mindre enn 6 mm. Krav til høgdeskilnad gjeld også for skøytar. Dersom setningane etter eitt til to år er opptil 15 mm vil det verte kravd reperasjon av gravestaden. Når asfalten har ein tjukkeleik på over 6 cm skal den fresast ned til halv tjukkeleik før det vert lagt nytt dekke. Når asfalttjukkeleiken er under 6 cm må all asfalt på gravestaden fjernast heilt før det vert lagt ny asfalt. Når setningane er større enn 15 mm må asfalten fjernast og gravestaden komprimerast godt før det asfalterast på nytt. Ved store setningar vil det bli vurdert om all masse må skiftast ut og komprimerast lagvis i høve til rettleiingane.

7 Kontroll av utført arbeid

Eigenkontrollskjema og ferdigmelding: Når arbeidet er slutt, skal entreprenøren oversende graveløyve med utfylt ferdigmelding, eigenkontrollskjema og eventuelle teikningar. Skjema for eigenkontroll og ferdigmelding skal sendast Herøy Kommune seinast 14 dagar etter at arbeidet er slutført. Unnlating kan medføre at entreprenøren blir nekta graveløyve seinare.

Ved større gravearbeid og ombyggingar som medfører oppbygging av ny vegoverbygging i heile vegbreidda, skal det kallast inn til ferdigsynfaring.